

Til
Helse og omsorgskomiteen, Stortinget
Hordalandsbenken, Stortinget

Uttale frå Hardangerrådet vedr. Helse i Hardanger.

I Øystese i Kvam held Helse i Hardanger til. Det er eit helseinnovasjonsprosjekt, og har vore organisert som eit non-for-profit aksjeselskap, der Trond Mohn har vore største bidragsytar. I tillegg har DAM-stiftelsen, Innovasjon Norge o.a. bidrege med betydelege summar. Selskapet vart danna i 2018, og kom i drift i løpet av 2019/20. 18. mars kunngjorde dei at dei måtte stengja

Dette er kritisk. Helse i Hardanger leverer tenester som virkar, og metoden deira er svært kostnadseffektiv. Dei svarar svært godt på utfordringar som m.a helsepersonellkommisjonen har peikt på.

Bakgrunn – og litt om Helse i Hardanger

Helse i Hardanger har til no vore eit forskingsprosjekt, leia i samarbeid med Helse Bergen. Dei har hatt fylgjande pasientgrupper i behandling:

- Kols
- Diabetes type-2
- Post covid-19
- Ryggildingar

Behandlingsopplegget blir kalla «konsentrert» behandling, då dei jobbar på ein heilt ny måte med pasienten. Dei deler dette inn i tre fasar:

- Førebuingssfasen
- Endringsfasen
- Vedlikehaldsfasen

Pasientkontakt vert for mange etablert via digitale flater, og i eigen applikasjon. Dei vitjar Helse i Hardanger ein gong i førebuingssfasen for avklaringssamtalar.

Vidare i endringsfasen er opphaldet 3-4 dagar.

I Vedlikehaldsfasen skjer kontakt etter behov, i hovudsak som digital oppfølging.

Driftskostnadene ved denne forma for rehabilitering vert halde på eit svært lågt nivå. Og det har vist seg å virka svært godt – det er gjort omfattande forskning ved HiH, som er publisert internasjonalt.

Oppsummert: Rundt 400 har gjennomført firedagarsopplegget ved HiH. Pasientane er fornøgde, det er sjølvsagt viktig.

Viktigare er det at det er ein betydeleg helsegevinst som har vist seg å vera varig, noko som er dokumentert grundig i fleire forskningspublikasjonar.

M.a. går medisinbruk ned, bruk av helsetenester går ned og mange kjem tilbake i arbeid.

Sjå <https://www.helseihardanger.no/publikasjonar/>.

Tilbodet har vekt oppsikt også i media, sjå m.a.

<https://www.bt.no/btmagasinet/i/veOeyV/dei-vart-friskare-paa-fire-dagar>.

Situasjon no

Helse i Hardanger deltok i haust og vinter i ein anbudsprosess med Helse Vest om levering av rehabiliteringstenester.

Helse Vest legg opp til tradisjonelt «døgnprissystem», som er vanleg innan rehabiliteringstenester. Dette er lengre opphald i institusjon.

Anbudsgrunnlaget var tilsynelatande utforma for at dei aktørane som leverer slike tenester i dag vinn fram, og ikkje ei intensiv behandling som Helse i Hardanger tilbyr.

Helse i Hardanger vart ikkje føretrekt i anbudsregimet til Helse Vest. Sjølv om Helse i Hardanger meiner å kunne dokumentera langt *betre effekt* av behandlinga og svært mykje *lågare sluttpris* pr. pasient. Dette er parameter som ikkje vert vektlagt i anbudsprosessen.

Det er grunn til å stilla spørsmål ved korleis stoda er for helseinnovasjon når slikt skjer.

Uansett – her går sola ned for eit prosjekt som svarar på notids- og framtidsutfordringar i helsevesenet. Oppskalert er dette svært ressursbesparande, både økonomisk og ikkje minst personellmessig. Dette må me få hindra.

Hardangerrådet bed i fyrste omgang om at regjeringa øyremerkjer 10 millionar i revidert nasjonalbudsjett for å oppretthalda samarbeidsprosjektet mellom Helse Bergen og Helse i Hardanger. På sikt bør det vurderast om Helse i Hardanger skal vera eit nasjonalt senter for innovasjon innan rehabiliteringsområdet.

Kinsarvik, 19.04.2024

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Eidfjord kommune
Timo Knoch
ordfører/rådsordfører Hardangerrådet

Kvam herad
Torgeir Næss
ordfører

Ullensvang kommune
Roald Aga Haug
ordfører

Ulvik herad
Jens Olav Holven
ordfører